



Rigmor Rasmussen og Lovise Herland Sunde har gjort ein stor jobb i ungdomslaget gjennom mange år

Synes vi har fått til masse i år enda vi er så få

Formann Rigmor Rasmussen i ungdomslaget konkluderte slik då ho la fram årsmeldinga for 2013 under årsmøtet i Helgheim ikveld. Dei har fått på plass det nye moderne kjøkenet og nytt toalettanlegg som er lyst og lettstelt. Dette klarte dei ved god innsats av Lovise og Johan Sunde. Dei har også fått nye gardiner i salen oppe. Og det stoppar ikkje med dette - no er det måling oppe som står for tur.



[Karin Saghaug Kjerpeseth er utleigeansvarleg. Her er ho flankert av Janne Yri og Randi M. Nybakk i Fjellystyret.](#)

Felles kostnad for kjøken og toalettanlegg vart 745 000 kroner, som er finansiert ved eigenkapital, lån, tilskot frå Sparebankstiftinga og dugnadsarbeid ved medlemmar.

Huset er mykje i bruk, faste brukarar er Røysterett for alle, linedans og bingo og det er barnediskotek ein gong i månaden. Bingograppa vert rost for ein kjempeinnsats og består av Audhild Lie, Anne Karin Myhre, Liv Astrid Ytrøy og Milfrid Draugsvold.

Dette året har Helgheim vore leigd ut til 9 bursdagsfeiringar og 3 barnedåpar. Årsmøtet ga styret fullmakt til å justera utleigesatsane. No kostar det til dømes 1200 kroner å leige lokalet laurdag og søndag og 2000 kroner å halda bryllup der.

Kasserar er Lovise Herland Sunde, Rigmor Rasmussen er både formann og skivar, Karin Saghaug Kjerpeseth utleigeansvarleg og Hildegunn Klette Hansen styremedlem. Knut Johannes Ripel er styremedlem og vaktmeister.

I styret for hytta Fjelly ved Mannsvatnet sit Janne Yri og Randi M. Nybakk. Meldinga frå dette styret opplyste at utleiga hadde teke seg litt opp att frå året før og vore utleigd i 24 døgn. Hytta har også hatt endel dagsbesøk. I fjor vart det skaffa ein ny båt av aluminium. Den var transportert opp Pålavegen og det var ein strabasios tur på snø og is. Hytta er 100 år i 2018 og det vert jevnleg søkt om midlar til opprusting - til dømes nytt kjøken, bedre fyringstillhøve og meir måling.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen